

# ÅRSMØTE I ØYSTESE IDRETTSLAG 23. FEBR. 2012

Protokoll frå årsmøte i Øystese idrettslag halde i Holmatun 23.02.2012 kl. 1930

## **Sak 1. Godkjenning av dei med stemmerett**

Det var tilstades 13 personar med stemmerett ved starten av årsmøte.

## **Sak 2. Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

## **Sak 3. Val av møteleiar, referent samt 2 representantar til å underskrive**

### **årsmøteprotokoll**

#### **Vedtak etter forslag på årsmøte:**

Som møteleiar vart                    Hilde Hysing-Dahl       einstemmig valt.

Som referent vart                    Rune Vik                    einstemmig valt.

Som underskrivar av protokoll vart følgjande                    einstemmig valt:

\*Svein Rune Stakseng

\*Janne Britt Solås

## **Sak 4. Handsaming av ØIL-årsmelding for 2011**

Årsmelding vart gjennomgått ved at skrivar Rune Vik las opp.

Rettingar/merknader:

- Fotballgruppa har hatt 24 lag fordelt frå jente/gut 2004 til senior.

- Tall for 2011 under tabell medlemsutvikling - retting:

jenter/kvinner: 289      gutter/menn: 380      samla: 669

#### **Vedtak:**

Årsmelding ØIL 2011 vart einstemming godkjend.

## **Sak 5. Handsaming av ØIL-rekneskap for 2011 og budsjett for 2012**

Gjennomgang av resultatrekneskap, balanserekneskap og budsjett ved kasserar Trude Torvund. Rekneskapet er revidert og funne i orden, datert og signert av revisor Signe K. Kvamsøy 23.02.2012

**Rettingar/merknader:**

- Resultatet for ØIL skal vere tilnærma kr 0 då tilsvarende beløp som vist som overskot skulle vore overført ØIL-fotball. Underskotet i ØIL-fotball vert dermed redusert til om lag kr 40 000,-.
- I balanse for Øystese idrettslag skal aksjekapital under post 1352 i 2011 rettast frå kr 50 000 til kr 100 000. Egedelar skal aukast med kr 50 000 til kr 965 462,96. Post 2000 skal aukast med kr 50 000 til kr 992 860,78. Eigenkapital og gjeld vert dermed kr 965 462,96.

**Vedtak:**

Rekneskap ØIL 2011 og budsjett for 2012 vart einstemming godkjend.

**Sak 6. Handsaming av innkomne forslag og saker**

**Sak A:**

**Innmelding av boccia/teppecurling-gruppa i Norges Fleridrettsforbund**

Norges Fleridrettsforbund er ei samanslutning av alle idrettslag som organiserer boccia, teppecurling, petanque og Friskis&Svettis'aktivitetar, og som er medlemer av Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (NIF). Boccia og teppecurling er organisert under eigen seksjon.

ØIL har ei eiga gruppe som driv med aktivitetane boccia og teppecurling. For å gje gruppa fulle rettar og plikter innanfor NIF-systemet er det ynskje om innmelding i Norges Fleridrettsforbund. Gjeld mellom anna høve til å søkje om tilskot.

**Forslag til vedtak:**

ØIL-styret sitt forslag til vedtak:

Påtroppande ØIL-styre vert gitt fullmakt av årsmøtet til å melde Boccia-/teppecurlinggruppa inn i Norges Fleridrettsforbund.

**Vedtak:**

Einstemmig vedtak:

Påtroppande ØIL-styre vert gitt fullmakt av årsmøtet til å melde ØIL ( Boccia-/teppecurlinggruppa) inn i Norges Fleridrettsforbund.

**Sak B:****Fordeling av pengar knytt til Grasrotandel fra Norsk tipping**

Styret i fotballgruppa foreslår fast overføring av Grasrotmidlar til fotballgruppa på 80 %.

Grasrotandel fra Norsk tipping tilfell idrettslaget/hovudlaget. Hovudprinsippet som har vore lagt til grunn til no er at midlane vert fordelt i forhold til gruppene sitt aktivitetsnivå. ØIL-styret har tidlegare gjort følgjande vedtak om overføring av del av grasrot til fotballgruppa:

Kr 75 000 av 93 263 i 2009-grasrotmidlar som utgjer 80 %

Kr 75 000 av 110 194 i 2010-grasrotmidlar som utgjer 68 %

Kr ?? ??? av 124 022 i 2011-grasrotmidlar (vedtak av nytt styre for 2012)

Hovudstyret har dei siste åra også overført midlar til fotballgruppa etter søknad og etter behov. Denne praksisen er mogeleggjort dels gjennom innkomne grasrotmidlar hovudlaget disponerer.

**Forslag til vedtak:**

ØIL-styret sitt forslag til vedtak:

Alternativ 1: Styret i ØIL vert gjeve fullmakt til å fordele innkomne grasrotmidlar i samsvar med allereie innarbeidd praksis og prinsipp.

Alternativt 2: 75 % av grasrotmidlane skal automatisk gå til ØIL-fotball.

**Vedtak:**

Einstemmig vedtak:

Alt. 2: 75 % av grasrotmidlane skal automatisk gå til ØIL-fotball.

**Sak 7. Fastsetting av medlemskontingent**

Økonomien i hovudlaget er god. Styret foreslår derfor at kontingent for 2012 vert uendra.

**Vedtak:**

Einstemmig vedtak: ØIL-medlemskontingent for 2012 vert som for 2011.

- Familie                    kr        500,-

- Aktiv vaksen	kr	300,-
- Barn	kr	200,-
- Støttemedlem	kr	100,-

## Sak 8. Orienteringssaker

### A. Orientering om Hardanger Talentutvikling AS

Ingmar Sægrov orienterte om Hardanger Talentutvikling AS med vekt på idrettsskulen med base i Holmatun.

- Idrettsskulen: 25 barn frå 1.-7. klasse, frå skuleslutt til kl 1600
- Økonomi: Årsresultat 2011 – kr. 12 000 i pluss
- Ynskje: Auke talet på barn slik at ein person til kunne tilsetjast og der det kunne etablerast ein avdeling for dei minste og ein for dei større.
- Etablert utviklingsavdeling med opp til 6 treningar i veka.

### B. Orientering om fotballsamarbeidet i 2012-sesongen mellom ØIL-fotball og Norheimsund fotballklubb, og ØIL-fotball og Strandebarm idrettslag – v/ Roger Vassnes.

- Ungdomsfotballsamarbeid med Norheimsund m/ underskriven avtale for 2012. Gjeld 5 lag.
- Seniorsamarbeid m/ Strandebarmlag i 7. divisjon (berre lov til samarb. i 7. div.).
- Johnny Mikal Gallefoss inngår i trenarteamet til ØIL-fotball 3. divisjon senior. Samtidig er Gallefoss sportssjef i Norheimsund fotball.

### C. Orientering om Hardanger bade og velværesenter og evt. ØIL-rolle.

- Styret i ØIL har hausten 2011 brukt mykje tid på å sjå om laget kunne bidra til realisering av symje og stupedelen til Hardanger bade og velværesenter.
- Konklusjon: Etter ei samla vurdering av tilgjengeleg dokumentasjon pr. hausten 2011 har styret vedteke å avslutte ØIL-engasjementet i saka. ØIL vil på nytt kunne ta opp igjen saka om nye moment skulle dukke opp.

## Sak 9. Val av ØIL-styre for 2012

Valnemnda har ikkje klart å rekruttere ny leiar til laget etter Hilde Hysing-Dahl.

Styret må konstituere seg sjølv. Styret må vidare arbeide med leiarspørsmålet framover.

### Vedtak:

Følgjande styre vart einstemmig valt:

<b>Leiar:</b>		( 1 år )
<b>Nestleiar:</b>	<b>Per Dysterud</b>	( 1 år )
<b>Kasserar:</b>	<b>Trude Torvund</b>	( 2 år )
<b>Skrivar:</b>	<b>Rune Vik</b>	( 2 år )
<b>Styremedlemmer:</b>	<b>Sonja Fagerheim</b>	( 2 år )
	<b>Øystein Roe Sundsøy</b>	( 1 år ) – ikkje på val
	<b>Jan Tore Alvsaker</b>	( 1 år ) – ikkje på val
<b>1. vara:</b>	<b>Åshild Bekkesletten</b>	( 1 år ) – ikkje på val
<b>Valnemnd:</b>	<b>Britt Marit Fasteland</b>	( 1 år ) – ikkje på val
	<b>Janne Britt Solås</b>	( 1 år ) – ikkje på val

**Gruppeleiarar (ikkje valt av årsmøtet):**

<b>Boccia/handicap</b>	<b>Lillian Kvamsøy</b>
<b>Fotball</b>	<b>Per Dysterud</b>
<b>Trim</b>	<b>Leiv Sandven</b>
<b>Turn</b>	<b>Åshild Bekkesletten</b>
<b>Orientering</b>	<b>Olav Kreken</b>
<b>Hopp</b>	
<b>Alpin</b>	
<b>Vektløfting</b>	

**ØIL- styrerepresentantar i Sjusete skisenter (ØIL eig 1/3 og Kvam LSK 2/3):**

**Magnar Dalatun**

**Einar Opsanger**

**Ref.**

**Rune Vik**

Janne Britt Solås (sign)

Stein Rune Stakseth (sign)